

Haugesund 21.05.2026

## Utstillingsopning | «Kjoler dalte ned i skjul»

*Torsdag 28. mai kl. 18:00 opnar ei ny utstilling på Arquebus krigshistorisk museum, der to vakre brudekjolar i «fallskjermstilke» blir vist fram. Kjolane har tilhørt Alis Rullestad og Erna Bertine Dahl, som gifta seg etter at andre verdskrig tok slutt.*

Dei to kvinnene hadde teke vare på fallskjermar frå flyslipp på Rullestad og Vaulaviddan i Etnefjella. Tekstilar var mangelvare under krigen, og då freden kom, blei det kvite og florlette stoffet sydd om til brudekjolar, dåpskjolar og konfirmasjonsskjolar.

Alis Rullestad deltok sjøl i mottak av flyslippet frå England i 1944 i fjella ved Rullestad. Etter krigen fekk ho tildelt deltakarmedalje for sitt engasjement i motstandsbevegelsen. Erna Bertine Dahl sin mann deltok i mottak av flysleppet på Vaulaviddan.

### Museumsstafett - Skråblikk på historia

Gjennom årets museumsstafett vil me i Haugalandmuseet synleggjera og formidla kvinner sine liv og erfaringar opp gjennom historia. Perspektivet er både frå dei prominente til dei meir usynlege samfunnsborgarane. Her er årets program: [Museumsstafett | kvinnehistorie — Haugalandmuseet](#)

På Arquebus ønskjer me velkomen til opning av ei utstilling som set fokus på tekstilhistorie og motstandsarbeid, og særleg kvinner si deltaking under andre verdskrigen.

Det vert foredrag om flyslippa ved fagansvarleg Maryon Østhus, og om kjolane, ved konservator Therese Espeland frå Museumstenestene i Rogaland. Sjølv utstillinga blir høgtideleg opna av Karl Erik Ottesen og Åse Ottesen (f. Dahl).

Gratis inngang og alle er hjarteleg velkomen kl. 18:00, torsdag 28. mai!

**Foto:** Haugalandmuseet og Østfoldmuseene (Svart/hvitt-foto)

### Kontaktinformasjon:

For spørsmål om kjolane og utstillinga, kontakt Maryon Østhus, mobil 452 20 775, e-post: [mo@haugalandmuseet.no](mailto:mo@haugalandmuseet.no)